

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. – 21.02.2019

### Orienteringar 20.02.2019 - Temadag

Direktør i OFV (Opplysningsrådet for veitrafikken) Øyvind Solberg Thorsen.

- Gjennomgang av rapporten; «Hva har skjedd med fylkesveiene etter forvaltningsreformen? (Vista Analyse).

Ferde v/Brede Selseng og Bjørn Inge Midtgård

- Orientering om nye retningslinjer for bompengefinansiering med garantiansvar og finansielle utfordringar.

Regionsjef i NLF Jan Ove Halsøy

- NLF – brukarperspektiv i prioriteringsdiskusjonen, og synspunkt på vegnettet i Hordaland.

SVV v/Kristian Bauge og Kaisa Banne

- Innkrevingskostnader ved bompengeprojekt. Når er det rett å bruka bompengar?

SVV v/Helge Eidsnes

- Status for dei store vegprosjekta i fylket samt orientering om komande NTP-prosess. Kva inneber den nye prosessen for fylkeskommunen?

Samferdselsavdelinga

- Status og reforhandling av miljøløftet

### Orienteringar 21.02.2019.

Direktør Skyss Målfrid Vik Sønstabø orienterte om innføringa av AutoPass ferje.

### Åpen time

**Kari Bernardini (A)** sette på vegne av A, Sp, Krf og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkerådmannen:

«Pensjonistforbundet får auka sitt tilskot frå kr.40.000 til kr.60.000 når fylkesrådmannen legg fram sak om fordeling av restmidlanen under posten «Ymse tilskot»

Bernardini sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

**Benthe Bondhus (SP)** sette fram slikt oversendingsforslag:

«Arbeidsgruppe – KS

KS- samarbeidsorgan, samferdsel for fylkeskommunane.

Hordaland sin representant leiar i utval for miljø og samferdsel Jon Askeland.

Vararepresentant, nestleiar i utval for miljø og samferdsel.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

**Synnøve Solbakken (A)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ønskjer ei sak til behandling av «Bestillingsbuss» ute i distriktet i Hordaland.

Nokre kommunar kan visa til god erfaring med bestillingsbuss – det vil vera eit kollektivtilbud til dei som ikkje har bil, sertifikat og mulegheit for å komma til sentrum/servicetenester, det gjeld spesielt eldre menneske som har eit behov. Behova vil vera ulike i frå kommune til kommune.»

Solbakken sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fagskulen i Hordaland er invitert til å utgreia eit utvida samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og fagskulen i Sogn og fjordane. Intensjonen med samarbeidet er mellom anna betre utnytting av opplæringsutstyr, lokaler, investeringar og lærekrefter. I tillegg skal det leggjast til rette for sømlause overgangar mellom fagskuleutdanning og høgskuleutdanning, styrka etter- og vidareutdanningstilbod samt styrka samarbeid med næringsliv i offentlige verksemdar.

Fylkesutvalet ber administrasjonen koma med ei sak om dette til vidare politisk handsaming, som synleggjer korleis dette kan gjennomførast.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.